



AKAF AS
Postboks 702
6804 FØRDE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sondre Kaastad Sørdsdal, 5557 2304

Løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Indre Hornnesvika for AKAF AS i Sunnfjord kommune

Statsforvaltaren gjev AKAF AS løyve til utfylling av ca. 25 000 m³ massar i sjø ved Indre Hornnesvika i Sunnfjord kommune.

Utfylling skal berre skje i perioden f.o.m. oktober t.o.m. desember i av omsyn til sjøaure, vekstseson for pusleplantar, og gyteperioden for torsk. Siltgardin skal nyttast gjennom anleggsperioden for å hindre spreining av finstoff frå sprengstein. Tiltaket skal overvakast med turbiditetsmålingar med alarmgrense på bakgrunnsverdi + 10 NTU, med alarm og stans i arbeidet dersom turbiditeten overstig grenseverdien i meir enn 20 minuttar.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11 og med vilkår etter lovas § 16.

Vi viser til søknad datert 8. februar 2023.

Om søknaden

Asplan Viak AS søker på vegne av AKAF AS om løyve etter forureiningslova til utfylling av 25 000 m³ sprengstein over eit areal på 6 400 m² ved Gnr./bnr. 20/7, 20/102, og 20/111 i Sunnfjord kommune.



Figur 1. Flyfoto frå 2018, med angjeve strandlinje frå 1965. Skjermdump frå søknad.



Føremålet med utfyllinga er å legge til rette for etablering av meir næringsaktivitet, tilrettelegging for båtslepp, forbetre strandmiljøet, legge til rette for friluftsliv og betre tilgangen til ålmenta til sjøen.

Det er eit gytefelt med namn Kvernbergvika-Hornnes vest for utfyllingsområdet og eit regionalt viktig gytefelt for torsk i fjorden. Utfyllingsområde er ein del av ein relativt liten del av grunnvassområda i indre del av Førdefjorden. Det er registrert ålegras og pusleplanter i nærleiken av utfyllingsområdet.

Det er påvist forureining av TBT, tilsvarande moderat til svært dårleg miljøtilstand i området. Sedimenta er relativt finstoffhaldige, 38-50 % silt og 1-1,7% organisk materiale. Det er av den grunn fare for oppvirvling og spreining av forureina finstoff ved utfylling av sprengstein.

Utfylling skal skje ved at massar blir tippa minst 5 m bak fyllingsfront og lagt ut med maskin. For å få sikker fyllingsfot med delvis fortrenging må den etablerast med grov sprengstein utan finstoff. Utfyllingsmassane består i hovudsak av sprengstein frå Førde Granitt og noko innslag av sandtaksmassar. Massane er reine, med unntak av at sprengsteinen kan innehalde restar etter sprengtråd. Desse skal plukkast bort frå massane før utfylling i sjø.

Utfyllinga er planlagt frå oktober 2023 og ut desember 2023. Det er planlagt bruk av siltgardin rundt utfyllingsområdet, samt overvaking med turbiditetsmålarar.

Tiltaket har følgjande miljømål:

- Gjennomføring av tiltaket skal ikkje medføre unødig spreining av forureining.
- Forureining i sedimenta skal ikkje medføre helseisiko for brukarar av området, korkje under utfylling eller i ettertid.
- Gjennomføring av tiltaket skal ikkje medføre unødig skade på naturmiljø eller ha negativ påverknad på vassførekomstane sine miljømål i henhold til vassforskrifta.
- Tiltaks- og miljømål vil diskuterast med utførande entreprenør for å redusere risikoen for utslepp.

Høyring

Søknaden vart sendt på høyring til Bergens sjøfartsmuseum, Sunnfjord kommune og Fiskeridirektoratet. Vi fekk følgjande uttaler:

Sunnfjord kommune (24. februar 2023)

Sunnfjord kommune vurderer at søknad etter forureiningslova er i samsvar med vedtak etter plan- og bygningslova datert 30. januar 2023.

Bergens sjøfartsmuseum (1. mars 2023)

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum avklarar at det ikkje er kjente marine kulturminne i området, så museet har inga merknadar tilt tiltaket. Museet viser til den generelle plikta etter kulturminnelova om augeblikkeleg stans i arbeid og varsling til kulturminnemynde dersom skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne vert observert

Fiskeridirektoratet (11. april 2023)

Attgjeving av uttale:



"Havforskningsinstituttet har registrert eit stort gytefelt som er vurdert til å vere regionalt viktig som kjem inn i planområdet. Arbeidet skal skje frå oktober 2023 til ut desember 2023 noko som gjer at arbeidet blir lagt utanom gytesesongen til torsk. Vi forutset at dette vert gjennomført.

Utfyllingsmassane består i hovudsak av sprengstein og noko innslag av sandtakmassar. Sprengtråd skal plukkast bort frå massane før utfylling i sjø. Elles er utfyllingsmassane reine.

Det er påvist forureining av TBT i sedimenta der det skal fyllast ut og sedimenta er relativt finstoffhaldige. Det er av den grunn fare for oppvirvling og spreining av forureina finstoff ved utfylling av sprengstein. Det er planlagt å bruke siltgardin og overvaking med turbiditetsmålar. Massane skal leggjast roleg ned slik at det blir oppvirvla minst mogeleg sediment. Vi tar det for gitt at det gjerast dei ein kan for å hindre spreining av forureina massar og at det brukast avbøtande tiltak."

Statsforvaltarens grunngjeving for løyvet

Rettsleg utgangspunkt

Utfylling av stein i sjø frå land er mellombels anleggsarbeid og er som hovudregel lovleg utan løyve, jf. forureiningslova § 8 første ledd nr. 3, når forureininga frå anleggsarbeidet er "vanleg".

Utfylling på sjøbotn der utfyllinga kan bidra til å spreie forureina sediment og/eller reint finstoff frå sprengsteinsmassar som kan påverke fiskeinteresser, trua artar, marine naturtypar eller bidra til plastforureining, definerast ikkje som vanleg forureining og tiltaket må ha løyve.

Statsforvaltaren er forureiningsstyremakt etter forureiningslova.

Når forureiningsstyresmakta avgjer om løyve skal gjevast og fastset nødvendige avbøtande tiltak (vilkår), skal det leggjast vekt på ulemper som følgje av forureining ved tiltaket samanlikna med dei fordelar og ulemper som tiltaket vil medføra. Prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Løyve som kan ha innverknad på sjø og ferskvatn skal også vurderast etter vassforskrifta.

Statsforvaltaren nyttar Miljødirektoratets rettleiar M-350 I 2015 "Handtering av sedimentar" i vår vurdering av saka.

Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Sunnfjord kommune stadfestar at søknaden om utfylling i sjø er i samsvar med vedtak etter plan- og bygningslova.

Fare for forureining og negativ påverknad

Utfylling av sprengstein i sjø kan blakke vatnet og nedslamme omkringliggende sjøareal. Partiklar i for høge konsentrasjonar kan ha negative effektar på fisk, skaldyr og marint naturmiljø. Plastforureining i sprengstein frå skytestreng mm kan spreie seg ved utfylling/spreining i sjø.

I denne saka er det ikkje påvist nemneverdig forureining i sedimenta i utfyllingsområdet anna enn TBT. Det er funne konsentrasjonar av TBT i tilstandklasse III og høgare i alle prøvestasjonane. Det er spreining av partiklar/finstoff frå utfyllingsmassane og spreining av forureina finstoff frå sedimenta som utgjer størst risiko for negativ påverknad.



Vår vurdering av søknaden og dei føreslåtte avbøtande tiltak

Statsforvalteren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskriftas § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyver etter forureiningslova.


Vi meiner at faren for spreieing av forureining og negativ påverknad er akseptabel med dei avbøtande tiltaka som er foreslått og grunngjeve i søknaden datert 8. februar 2023. Dei omsøkte avbøtande tiltaka er teken inn som vilkår i løyvet. Vi har drøfta dei føreslåtte avbøtande tiltaka i avsnitta under.

Vurdering etter naturmangfaldlova, inkludert fiskeriinteresser

Generelt

Naturmangfaldlova § 8 stiller krav til at offentlege vedtak med betydning for naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg byggjast på vitskapeleg kunnskap om arters bestandssituasjon, utbreiing og økologisk tilstand, samt effekt av påverknader på desse.

Til grunn for vår vurdering har Statsforvaltaren blant annet brukt fleire databasar slik som Naturbase, Kystinfo, Vann-nett, og Fiskeridirektoratets kartdatabase, søknaden med underliggende dokumenter og opplysningar som er innhenta gjennom høyringsrunden. Dei viktigaste momenta er gitt nedanfor.



Figur 3. Kart over fiskeriinteresser i området. Kystinfo.no



Fiskeriinteresser og naturmangfold


Det er registrert fleire fiskeriinteresser i både tiltaksområdet og influensområdet i databasane. Dette inkluderer eit regionalt viktig gytefelt for torsk i heile området, samt eit gyteområde for torsk og sild. I Fiskeridirektoratet sitt kartverk, Yggdrasil, er det registrert ein låssetjingsplass vest for tiltaksområdet. Direkte sør, ca. 460 meter frå tiltaksområdet, er det registrert eit viktig blautbotn-område i strandsona (grønt område i figur 3).

Utfyllingsområdet er viktig for sjøaure, då vika har verdi som oppvekstområde for sjøaure. Gruntvassareal er miljø som er trua lokalt og regionalt. Nedbygging av arealet vil bidra til ytterlegare reduksjon av miljøtypen. Sjøauren bruker sjøområda heile året, men det er særleg viktig at sjøauren ikkje blir forstyrre om våren.

Utfyllingsmassane kan innehalde steinstøv, jord og anna forureining (plastfiber frå sprenginga) som vil kunne bli spreidd ut i sjøen. Gyte- og oppveksttida for kysttorsk strekker seg frå 1. januar til 31. mai. Partiklar og støv kan feste seg på gjellene på fisk, og ha negativ påverknad på torskelarver som oppheld seg på grunne områder (1-10 meters djupne) etter klekking. Partiklar kan påverke fisk på ulike måtar, blant anna¹:

1. Direkte påverking på fisk (skade på gjeller og slimhinner)
2. Påverking på rogn og yngel (sedimentasjon)
3. Påverking på åtferd (for eksempel næringsopptak)
4. Påverking på fiskens næringstilbod

¹ Rapport – Rådgivende Biologer AS – Utfylling i Tveitvatnet



Figur 4. Flyfoto over indre Førdefjorden frå 2018 som viser mudderbanker og pusleplanter.

Utfyllinga vil skje ca. 1 200 meter frå ein låssetjingsplass, og ca. 460 meter frå eit viktig blautbotn-område. Den svært viktige brakkvannsdeltaen, Ytre Hornnes naturbaseID BN00026147, ligg ca. 250 meter unna utfyllingsområdet. Endringar i straumforhold på grunn av utfyllinga i området kan føre til at avleiring av finpartiklar blir påverka, noko som potensielt kan påverke utbreiinga av raudlista pusleplantar som er knytt til grunn sjøbotn med finpartikulært material. I rapport frå Asplan Viak med tittel "Effekt av utfyllingen av Indre Hornnesvika på nærliggende mudderbank"² blir utfyllinga vurdert i forhold til endra straumforhold og påverknadar på lokalitetar utanfor sjølve utfyllingsområdet. Rapporten konkluderer med at utfyllinga vil ha inga betydning for straumforholda ved mudderbanken ved Ytre Hornnesvika. Notatet skildrar også at elva Jølstra som renn ut i Førdefjorden skapar eit sprangsjikt mellom ferskvatn og saltvatn. Mudderbankane ligg i hovudsak i ferskvasslaget, noko som tyder at strøyming under sprangsjiktet er mindre relevant for Indre og Ytre Hornnesvika.

Utfyllingsområdet omfattar ein relativt liten del av grunn-vassområda i indre del av Førdefjorden. I Miljøfagleg utredning³ og ved synfaring av Statsforvaltaren den 10. november 2021 blei det ikkje funne noko stilkvasshår eller andre pusleplanter i utfyllingsområdet. Det ble funne førekomstar i andre grunt-områder i nærleiken.

Vi vurderer at det ikkje sannsynleg at ein avgrensa utfylling av restareala i bukt i Indre Hornnesvika skal ha ein merkbar effekt på kringliggjande mudderbankar. Statsforvaltaren er einig med anbefalinga

² Effekt av utfyllingen av Indre Hornnesvika på en nærliggende mudderbank – Asplan Viak – 4. februar 2022

³ Indre Hornnesvika i Førde – Vurdering av naturverdier, notat 2019-N56



i søknaden frå Aplan Viak, på vegne av AKAF AS, om bruk av siltgardin og vi meiner at det er nødvendig med siltgardin å hindre partikkelspreiing ut i vassøyla slik at nærliggande fiskeriinteresser og naturmangfald blir varetaken.

Statsforvaltaren legg vekt på uttale frå Fiskeridirektoratet om å unngå utfylling i gyte- og oppvekstperioden for torsk. Tiltaket skal ikkje ha påverknad på gyteprosessen til torsken. Fiskeridirektoratet råder til at tiltaket ikkje skal utførast i gyte- og oppvekstperioden, frå 1. januar til 31. mai. I detaljplan for Indre Hornnesvika Vest⁴ står det at utfyllingsarbeidet skal gjerast i perioden f.o.m. oktober t.o.m. desember. Tiltakshavar føreslår at utfyllingsarbeidet vert gjort på hausten slik at ein unngår vekstsesongen for pusleplanter. Vi setter vilkår om at utfyllinga kan skje **f.o.m. oktober t.o.m. desember** av omsyn til sjøaure, vekstsesong for pusleplantar, og gyteperioden for torsk.

Bruk av siltgardin gjennom utfyllingsperioden inngår av den grunn som eit vilkår i løyvet. Partikkelspreiing utgjer størst risiko for naturmangfald og fiskeriinteresser, og det stilles derfor strenge krav til partikkelspreiing ut frå utfyllingsområdet. Ved bruk av siltgardin blir faren for forureining og negativ påverknad frå TBT-forureina sediment i utfyllingsområdet, redusert. I søknaden er det føreslått ein grenseverdi på bakgrunnsverdi + 10 NTU, med alarm og stans i arbeidet dersom turbiditeten overstig grenseverdien i meir enn 20 minuttar. Statsforvaltaren tek dette inn som vilkår i løyvet. Bruk av turbiditetsmålar og fastsetting av naturleg bakgrunnsverdi for turbiditet skal bli gjennomført i samsvar med NS-9433⁵.

Plastforureining

Statsforvaltaren krev at det skal utarbeidast ein rutine for å redusere plastforureining når type tennsystem som har ovre nyttast til sprenging av sprengstein er kjent. Dersom det vert nytta tennsystem som flyter skal plast samlast opp og leverast til avfallsmottak som eigen fraksjon. Det skal gjennomførast opprydding av plast og anna avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og i nærliggande områder for å plukke opp eventuell plastrestar. Siltgardina vil òg fungere som ein barriere for plast, og plastavfallet som blir fanga opp av siltgardina vil med jamne mellomrom bli plukka opp og avfallshandtert.

Miljødirektoratet sitt faktaark M-1085|2018⁶ seier at sprengsteinsmassar normalt inneheld store mengder med plast, i form av plastarmering, skyteleidningar, og føringsrøyr. Ved bruk av elektroniske tennsystem kan plastforbruket bli redusert med opptil 30 prosent. Dei elektroniske leidningane søkk, og vil bli liggande inne i fyllinga. Miljødirektoratet vurderer det som akseptabelt at det inntil vidare finnes noko plast inne i utfyllingsmassane. Faktaarket setter krav for utfylling av sprengstein i sjø. Statsforvaltaren setter vilkår for å avgrense tilførsel av plastavfall til naturen, jf. vilkår 4.2, basert på faktaark M-1805|2018.

⁴ INDRE HORNNESVIKA VEST – Planid: 46472020022

⁵ Turbiditetsovervåking av tiltak i vannforekomster. Norsk Standard. NS 9433:2017

⁶ Problemer med plast ved utfylling av sprengstein i sjø – M-1085 | 2018



Vurdering etter vassforskrifta

Vassførekomsten

Utfyllingsområdet ligger i vassførekomsten Førdefjorden-indre. Vassførekomsten er klassifisert som ferskvatnspåverka beskytta fjord og har vassførekomstID 0281010201-3-C. Resipienten er vurdert til å ha dårleg økologisk potensial og udefinert kjemisk tilstand.

Påverking på vassførekomsten og avbøtande tiltak

Utfylling i sjø kan påverke vassførekomsten dersom partiklar frå sprengstein og sjøbotnen blir spreidd. Partiklane kan gjere skade på det marine nærmiljøet i form av nedslamming, og kan ha negativ påverking på blant anna fisk, raudlista artar og naturtypar.

Frå søknaden kjem det fram at sjøbotnen i utfyllingsområdet hovudsakleg består av eit mektig lag med antatt sandig silt over berg. Ved bruk av siltgardin vil faren for spreining av partiklar reduserast. Det er viktig å overvake partikkelspreiing i form av turbiditetsmålingar for å sikre at utfyllinga utførast skånsamt.

Vurdering

Etter § 4 i vassforskrifta skal tilstanden i overflatevatn «*beskyttes mot forringelse, forbedres og gjennomrettes med sikte på at vannførekomstene skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand*». I denne saken legg Statsforvaltaren til grunn at utfyllinga er eit mellombels eingongstiltak med avgrensa varigheit. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre at miljømåla ikkje nåast, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Vurdering etter § 12 vil difor ikkje vere aktuelt for dette tiltaket.

Oppsummering

Statsforvaltaren meiner at med dei avbøtande tiltak som krevst i løyvets vilkår, så vil man redusere risiko for spreining av partiklar og andre negative påverknader til eit akseptabelt nivå.

Både forureiningssituasjonen og naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saken skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket er vurdert som tilstrekkeleg, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er vareteken ved at tiltaket er regulert med vilkår i forureiningslova.

Kravet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å avgrense skade på naturmangfaldet vil bli oppfylt når arbeidet vert utført i samsvar med vilkår i løyvet, jf. naturmangfaldlova § 12.

Vedtak

Statsforvaltaren gjev løyve til utfylling i sjø til AKAF AS. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.

Gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 37 400 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret



Endring og omgjeriing

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Endringar skal være basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. At det er gjeve løyve til forureining, ekskluderer ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56

Rett til å klage

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet av sakens partar eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå vedtaket er motteken, jf. forvaltningslova § 28. Eventuell klage skal angje kva det vert klaga på og den eller dei endringane som er ønskt. Vedtak om gebyrsats kan og påklagast. Eventuelle andre opplysningar av betydning for saken bør nemnes. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Sondre Kaastad Sørsdal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 vilkår

Kopi til:

Asplan Viak AS
SUNNFJORD KOMMUNE
STIFTELSEN MUSEUM VEST
FISKERIDIREKTORATET REGION VEST

Postboks 338 6802 FØRDE
Lyngneset 2 5302 STRUSSHAMN



Løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Indre Hornnesvika for AKAF AS i Sunnfjord kommune

Statsforvaltaren gjev AKAF AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 8. februar 2023 og andre opplysningar gitt i samband med behandling av søknaden.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betydning, må de på førehand avklare dette skriftleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de gi beskjed til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Statsforvaltarens referanse

Løyvenummer	Anleggsnummer
2023.0371.T	4647.0176.01

Bedriftsdata

Bedrift	AKAF AS
Postadresse	Postboks 702, 6804 Førde
Kommune og fylke	Sunnfjord, Vestland
Org.nummer	889 495 162, tilhøyrar 989 199 986

Løyve første gang gitt: 26. april 2023		Løyve sist endra:
Magne Nesse senioringeniør		Sondre Kaastad Sørsdal rådgjevar

Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Beskriving

1. Løyvet omfattar

1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå utfylling i sjø utanfor gnr./bnr. 20/7, 20/102, og 20/111 i Sunnfjord kommune.

Tiltaka i sjø omfattar:

- Utfylling i sjø av ca. 25 000 m³ sprengsteinsmassar over eit areal på 6 400 m². Utfyllinga vil skje frå land.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 8. februar 2023 med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av arbeidet. Varselet skal sendast minimum ei veke før oppstart av arbeida. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2. Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til endring av utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 2.5.

2.4 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda sette i verk risikoreduserande tiltak.

Verksemnda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid fyller ut, transporterer eller på anna måte handterer massar, har internkontrollsystem i tråd med vilkår 2.3.

2.5 Beredskap

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Verksemnda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter *Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining* fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

2.6 Ansvar

Verksemnda er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Verksemnda pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Verksemnda pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.7 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.8 Kulturminne i sjø

Tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergen Sjøfartsmuseum (postsjofart@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemnda må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.9 Sakshandsaming etter anna lovverk

Denne løyvet fritar ikkje for handsaming og/eller løyve etter annet lovverk som gjeld tiltaket, for eksempel hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova. Sunnfjord kommune stadfestar at søknad om utfylling i sjø er i samsvar med vedtak etter plan- og bygningslova.

3. Vilkår for utføring av tiltak i sjø

3.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på en slik måte at finpartikulært materiale frå sjøbotn og frå utfyllingsmassar i minst mogleg grad blir spreidd.

3.2 Tidsavgrensingar

Av omsyn til sjøaure, vekstsesong for pusleplantar, og gyteperioden for torsk nær tiltaksområdet skal utfyllingsarbeid berre skje i perioden f.o.m. oktober t.o.m. desember.

3.3 Partikkelsperre og turbiditetsmålingar

Som avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining og spreining av finstoff til vassførekomsten ved utfylling skal det nyttast ei eller om nødvendig fleire siltgardiner. Siltgardinene skal dekke deler eller heile vassøyla på ein måte slik at grenseverdi for turbiditet blir overhalden. Det skal nyttast siltgardiner som er eigna for tilhøva ved tiltaksområdet, sjå fagrapport¹ frå Statens vegvesen.

Ved val av siltgardiner må straum- og vêrtilhøve, botn- og djupnetilhøva på staden leggjast til grunn for prosjektering av flytelegeme og vekt på lodd/botnfester. Det kan nyttast fritthengande siltgardin grunna tiltakets art, då stein frå utfyllingsarbeidet kan rulle over forankring og øydelegge siltgardina/ene.

Det skal førast jamleg kontroll med at siltgardinene fungerer etter hensikta. Dersom siltgardinene ikkje lenger fungerer skal dei reparerast eller bli bytta ut. Arbeid i sjø skal ikkje skje når siltgardinene ikkje fungerer.

Turbiditetsmålingar skal planleggast og utførast i samsvar med Norsk Standard NS-9433².

Partikkelkonsentrasjonen utanfor partikkelsperra i tiltaksområdet skal ikkje vere høgare enn bakgrunnsverdi + 10 NTU/FNU i ein periode på meir enn 20 minutt. Ved oppnådd alarmgrense skal utfyllingsarbeidet stogge, og dersom overskriding skyldast tiltaket, skal det utførast avbøtande tiltak, eksempelvis å tilføre ei ekstra partikkelsperre.

Handtering av alarmar skal innarbeidast slik at alle relevante ledd i prosjektorganisasjonen kjenner alarmgrensene og kva aksjoner som skal utførast ved overskriding, jf. vilkår 2.4 om internkontroll.

Kunnskap og informasjon tileigna i prosjektet skal brukast for justering av måleprogrammet. Dersom observasjonar og målingar viser at ein måler ikkje er plassert på eigna stad eller djupne, skal målaren flyttast.

3.4 Kontroll av utfyllingsmassar

For utfyllinga skal det nyttast mest mogeleg reine massar. Massene skal være eigna for føremålet. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt i sjøen. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen. Det skal nyttast sprengstein som har vore sprengt med elektroniske tennarar.

4. Avfall

4.1 Generelt

AKAF AS plikter, så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall som følgje av tiltaket. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg.

Verksemda plikter å sørge for at alt avfall, også farleg avfall, blir handtert i samsvar med gjeldande regler for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

¹ Siltgardiner: funksjon, tilpassing og oppfølging. Rapport nr. 205 - 2013

² Turbiditetsovervåking av tiltak i vannforekomster. Norsk Standard NS- 9433

Brukt partikkelsperre skal leverast til lovleg mottak.

4.2 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal veljast de tekniske løysingane som i størst mogeleg grad minimerer mengda plastavfall frå tiltaket. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvaksingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark M-1085 | 2018 skal nyttast som ein rettleier.

5. Overvaking og kontroll, og rapportering til Statsforvaltaren

5.1 Plan for overvaking og kontroll

Det skal utførast kontroll og overvaking av tiltaka i sjø etter ein kontroll- og overvaksingsplan. Denne skal lagast i tråd med anbefalingar gjeve i Rettleiar for handtering av sedimenter M-250/2015, og stette løyvets vilkår.

Overvakinga skal vere tilstrekkeleg til å avdekke eventuell spreiding av forureining i samband med gjennomføring av tiltaka.

5.2 Sluttrapport

AKAF AS skal sende rapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at tiltaket er gjennomført.

Rapporten skal innehalde:

- Omtale om korleis arbeidet er utført (metodar).
- Opplysningar om mengde masse som faktisk har blitt utfylt (i m³ eller tonn).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som ble satt i verk.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

6. Tilsyn

AKAF AS plikter å la representantar frå Statsforvaltaren føre tilsyn med anlegget når som helst.